



Styremøte

Tid og stad:

Søndag 21. februar 2016 kl. 15.00 i Fløda hos Anne Bjørg.

Saksliste:

08/16	Rutiner for beskjedar internt
09/16	Tilleggsprosjekt, klubbhuset
10/16	Kronerulling klubbhusprosjektet
11/16	Klubbgenser, t-skjorte, jakke m.m.
12/16	Eventuelt

Oppmøte:

Leiar Anne Bjørg Bringsvor, nestleiar Endre Vorren, sekretær Eirik Voksøy Bringsvor, kasserar Svein Helge Bringsvor og varamedlem Gunnhild Bringsvor var til stades.

Forfall:

Styremedlem Knut Olav Skare var ikkje til stades.

Referat:

Sak 08/16 Rutiner for beskjedar internt

Anne Bjørg vil ha tilsendt kopi av søknader og avtalar, for å vere oppdatert over det som skjer i idrettslaget.

Anne Bjørg har fått klager frå tillitsvalde på grunn av innkalling til klubbhusdugnad. Dei vil trekke seg, dersom dei må stille opp på dugnad. Eirik presiserer at meldingane har gitt beskjed om at alle tillitsvalde bør kunne få nokon andre til å stille for seg ein gong i veka, dersom dei ikkje kan sjølv.

Vedtak: Kopi av alle søknader og avtalar skal sendast til Anne Bjørg. Eirik sender ikkje melding om klubbhusdugnad til kiosknemnda.



Sak 09/16 Tilleggsprosjekt, klubbhuset

Vi må gjere om litt på handikaptoalettet i gamlebygget for å få plass til dør inn frå treningsstudioet. Eirik foreslår å oppgradere toalettromet til også å ha handikap-dusj. Prisoverslag er under utarbeiding. Før tilbakemelding/pris frå rørleggjar, er summen 29 000 kroner. Snikkararbeid er ikkje inkludert, då dette vert gjort på dugnad.

Forslag om å installere fiber i klubbhuset. Det kjem til å vere eit stort pluss dersom vi kan tilby Internett-tilgang for dei trimmande. Spesielt med tanke på dei dårlege mobilnett-forholda i og ved klubbhuset. Kan også vere ein fordel ved andre arrangement i framtida. Etableringskostnaden er 8000 kr. Månadsleige for Internett med fart 25/25 Mb/s er 488 kr. Kan avslutte eller oppgradere abonnementet på kort varsel, alt etter graden av suksess.

Vedtak: Vi går for det som er foreslått – Eirik melder interessa for fibertilknytning, og set i verk oppgraderinga av handikap-toalettet. Sender også søknad til Sande Næringsforum, og eventuelt andre.

Sak 10/16 Kronerulling, klubbhusprosjektet

Eirik har fått eit ønskje frå eldre bygdefolk om at vi går rundt med bok for å samle inn pengar til klubbhuset. Nokre vil kanskje bidra, sjølv om dei ikkje er i stand til å stille på dugnad.

Vedtak: Eirik lagar til giroar med informasjon, og publiserer på Internett og på butikken. Endre og Anne Bjørg organiserer distribuering til husstandane.

Sak 11/16 Klubbgenser, t-skjorte, jakke m.m.

Eirik har henta inn eit tilbud på treningsklede/overtrekksgensar/jakke. Har bestilt nokre eksemplar som folk kan få sjå og prøve størrelse.

Prisar inkludert trykk:

T-skjorte 290 kr, genser 410 kr, jakke 410 kr, allvêrsjakke 530 kr.

Kan få alle unnateke allvêrsjakka i blå og svart, eventuelt kvit t-skjorte. Kan også bestille bukse (smale bein, standard eller 3/4), shorts, vindanorakk (windbreaker) og fotballstrømper.

Vedtak: Eirik lagar publiserer tilbudet på Internett og på butikken. Folk kan ta kontakt for å sjå og prøve. Også tilgjengeleg på Sjutoppsturen. Bestiller inn etter påske.

Sandsøy Idrettslag
6089 Sandhamn
www.sandsoyil.no



Sak 12/16 Eventuelt

Alle i styret skal skrive under på skjema om tinglysing av overdraginga klubbhuseigedomen (frå kommunen til oss), Anne Bjørg får Knut Olav si underskrift, og syter for at skjemaet vert levert Ronny Prozenko på rådhuset.

Møtet slutt kl. 16.00.

Dato for neste møte vart ikkje bestemt.